

Arkivnr: 2015/12714-10
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 23.01.2018 |

Revidering av kriteria og innretting for dei tre søknadsordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak (Prosjektstøtte)**Samandrag**

Budsjettposten Stønad etter vedtak har i budsjettvedtaket for 2018 ei samla budsjetttramme på 3 296 000 kroner som er fordelte på 5 tiltaks- og aktivitetsretta føremål:

- Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell: 950 000 kr
- Kunstprosjekt og kulturtiltak barn og ungdom – profesjonell: 408 000 kr
- Kulturtiltak – amatør: 408 000 kr
- Kulturtiltak barn og ungdom – amatør: 510 000 kr
- Større kulturprosjekt med regional verdi: 1 020 000 kr

Desse midlane vert fordelte gjennom følgjande tre tilskotsordningar for 2017:

1. Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell
Til saman 1 358 000 kroner, der minst 408.000 kroner av desse skal gå til tiltak retta mot barn og ungdom.
2. Prosjektilskot: Kultur – amatør
Til saman 918 000 kroner, der minst 510 000 kroner skal gå til tiltak for / med / av barn og ungdom.
3. Prosjektilskot: Større kulturprosjekt 1 020 000 kroner.

Etter erfaring med desse ordningane gjennom 2016 og 2017 ser fylkesrådmannen at det er ønskjeleg å foreta nokre justeringar i innretting og kriteria for desse tre søknadsordningane. I hovudsak er det ei strukturell og språkleg klårgjering. I denne saka vert det lagt fram forslag til oppdaterte kriteria og innrettingar. Ved handsaming av hausttildelinga av *Prosjektstøtte: Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* og *Prosjektstøtte: Kulturtiltak – amatør* i KIRU 15.11. 2017 var det spesielt to tema som vart teke opp og gitt innspel til administrasjonen om: Skilje mellom profesjonell og amatør og systematisk bruk av dei vedtekne kriteria. Dette er omtala vidare i saksframlegget.

Vedlagt er fullstending dokument med kriteria og innretting for den enkelte ordning.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i saka
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjekttilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i saka
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.01.2018

I samsvar med Regional kulturplan 2015-2025 sine føringar om gjennomgang og revidering av tilskotsordningar vart det i 2016 lagt fram ny innretning av tilskotsordningane under posten Stønad etter vedtak. Posten fekk i budsjettvedtaket for 2017 ei samla budsjetttramme på 3 296 000 kroner som er fordelte på 5 tiltaks- og aktivitetsretta føremål:

- Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell: 950 000 kr
- Kunstprosjekt og kulturtiltak barn og ungdom – profesjonell: 408 000 kr
- Kulturtiltak – amatør: 408 000 kr
- Kulturtiltak barn og ungdom – amatør: 510 000 kr
- Større kulturprosjekt med regional verdi: 1 020 000 kr

Desse midlane vert fordelte gjennom følgjande tre tilskotsordningar:

1. Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell
Til saman 1 358 000 kroner, der minst 408.000 kroner av desse skal gå til tiltak retta mot barn og ungdom.
2. Prosjekttilskot: Kultur – amatør
Til saman 918 000 kroner, der minst 510 000 kroner skal gå til tiltak for / med / av barn og ungdom.
3. Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt 1 020 000 kroner.

Budsjettsummene er dei same i 2018 som i 2017.

Søkjartal og samla søknadssum gjennom åra viser at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar til å innfri alle søknadane som fell innanfor føremålet og kriteria for desse tre søknadsordningane. Dei som vert tilrådd støtte oppfyller i høg grad føremålet og vurderingskriteria. Fylkesrådmannen vil i vedlegget der kvar enkelt søknad er presentert og individuelt vurdert vise direkte til dei vedtekne kriteria og korleis søknaden oppfyller eller ikkje oppfyller det enkelte av desse.

Søknadsfristar

Fylkesrådmannen ser det som hensiktsmessig at dei to første ordningane har to søknadsfristar i året og at *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* har ein frist i året. Når det gjeld dei to første må ein ha ein viss fleksibilitet og gje rom for prosjekt og tiltak med kortare planleggingstid. I *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* bør ein forvente ein lengre planleggingshorisont og meir gjennomarbeidd plan. Det har vore jobba nettopp med å skilje mellom kva prosjekt som høyrer heime i *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* og kva som er mest relevante i dei andre to ordningane. Som det er spesifisert i innretning og kriteria skal det som vert tilrådd støtte gjennom *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* ha ei viss fagleg tyngd og storleik. Det skal vere særskilde tiltak med klåre prosjektankar som skil seg tydeleg frå dagleg drift. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.

Kven kan søke i kva ordning

Ved handsaming av hausttildelinga av *Prosjektstøtte: Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* og *Prosjektstøtte: Kulturtiltak – amatør* i KIRU 15.11. 2017 var det spesielt to tema som vart teke opp og gitt innspel til administrasjonen om: Skilje mellom profesjonell og amatør og systematisk bruk av dei vedtekne kriteria.

Fylkesrådmannen har jobba med ulike variantar for klargjering av skilje mellom kva prosjekt som kan søkje i kva ordning av *Prosjektstøtte: Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* og *Prosjektstøtte: Kulturtiltak – amatør*. Dette er vanskeleg å klargjere meir enn det tidlegare er gjort i kriteria. Der er fleire gråsoner og prosjekt som kunne verte utelukka om ein definerte meir spesifikt. Td. er festivalane ofte drive av frivillige organisasjonar, men innhaldet er profesjonelt. På same måte kan profesjonelle verksemder vere ein part i tiltak som gjeld det frivillige feltet. Fylkesrådmannen har teke vekk setninga om samarbeidsprosjekt mellom profesjonelle og amatørar t i pkt 2 a, *Kven kan søkje* og meiner at dette punktet no står klaråre.

Vurderingskriteria

Vurderingskriteria slik dei står systematisk opplista i den enkelte ordning er den viktigaste reiskapen for handsaminga av søknadane (pkt. 4). Fylkesrådmannen har difor sett nøye på formuleringar og oppsett av

desse. Kriteria er tett knytt til *PREMISS: kultur*, og fylkesrådmannen ser desse som gode formuleringar for å måle om prosjekt som søker er relevante for å oppnå mål og satsingar i kulturplanen. Det vil jobbast med å lage matriser el som ei reiskap for sakshandsaminga.

Denne systematiske opplistinga av kriteria er også viktig for å gjere vurderingsgrunnlaget ope og transparent for søker. Desse kriteria vil også verte vist systematisk til i oversynet med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad som vert vedlagt dei politiske sakane for tildelingar.

Sjølv om ein søker å systematisere vurderinga etter desse kriteria, vil det alltid kome tilfelle der det kan vere vanskeleg å bruke ein matematisk metode. Formatet for grunngjeving gir heller ikkje rom for ei uttømmende vurdering. Det kan i tillegg vere sensitivt å inngåande vurdere kunstnarleg kvalitet. Så framleis må dei individuelle grunngjevingane sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Tilskot til kunstproduksjon

Dei tre omtala søknadsordningane er breitt innretta og skal dekke eit stort spekter av kunst- og kulturlivet. Det fører til at det ofte er tiltak av svært ulik karakter som skal målast opp mot kvarandre. Ein del av satsingsområdet Kunstløft i Regional kulturplan 2015-2025 *PREMISS: KULTUR* er å styrkje høve for produksjon av kunst. I *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell* er det ope for td. enkeltkunstnarar å søkje om støtte til produksjon av prosjekt. Fylkesrådmannen har gjennom fleire år jobba med korleis ein skal vurdere og handtere søknader om støtte til slike prosjekt.

Ei lita utstilling eller framsyning i ein tettstad / by kan ha stor regional verdi ut frå funksjonskriteriet om det som visast er av høg kunstnarleg verdi. Det er vanskeleg på førehand å vurdere kva prosjekt som har / får regional verdi. Det er framleis ope for å søkje om støtte til kunstproduksjon, men dette er tona noko ned, og det er sett inn krav i kriteria (pkt. 4) om at det må liggje føre plan for utbreiing og formidling når ein søker om støtte til kunstproduksjon.

Fylkesrådmannen har sett at det kan vere behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av denne type søknader, dvs. det kvalitative nivå på prosjektet og kunstnarane si gjennomføringsevne og realisme i prosjektet slik det er langt fram. Det er vanskeleg å innrette dette på ein tilfredsstillande måte i denne ordninga. Søknadane er spreidd over mange kunstfelt, så det er vanskeleg å lage ein komitéstruktur knytt til dette. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å lage ein slik struktur, men vil vurdere i sakshandsamingsprosessen om det bør trekkast inn faglege råd frå fagpersonar utanfor HFK. Det skal ligge ein kunstnarleg kvalitet i botn for prosjekt som tildelast støtte, men det er dei andre, breiare kriteria som er førande for vurderinga.